



## Møteprotokoll frå årsmøte i Creo Vestland

**Dato: Fredag 29.mai 2020 kl. 17.00.**

**Stad: Grand Hotel Terminus, Bergen og digitalt via Zoom**

Det møtte 9 medlemer, 5 på Grand Hotel Terminus og 4 via Zoom.

**1. Godkjenning av innkallinga og sakliste.**

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknadar.

**2. Val av møteleiar, referent og 2 personar til å underskrive protokollen.**

Desse vart valde:

Møteleiar:

Kjell Erik Husom

Referent:

John William Kay

Til å underskrive protokollen:

Steffen Eide og Brit Johnsrud

**3. Godkjenning av årsmelding for 2019.**

Kjell Erik Husom las opp årsmeldinga for 2019 som vart godkjend med nokre små endringar.

**4. Fastsetja rekneskap for 2019.**

Kasserar William Kay presenterte rekneskapen for 2019 som vart godkjend utan merknadar.

**5. Innkomne forslag.**

Årsmøtet handsama to innkomne forslag:

1. Forslag om at regionlaget endrar namn frå Creo Hordaland, Sogn og Fjordane til Creo Vestland.
2. Forslag om at CreoHSF Stipendfond endrar namn til Creo Vestland Stipendfond.

Begge forslaga vart samrøystes vedtekne.

## 6. Budsjett og handlingsplan for 2020.

Kasserar William Kay presenterte budsjettframlegget som vart godkjent utan endringar. Det vart poengtert av midlar satt av til sommarfest i 2020 kan verta omdisponert, t.d. til eit anna medlemsarrangement eller stipend. Dette fordi gjeldande smittevernrestriksjonar gjer det uaktuelt for oss å arrangere sommarfest i år som planlagt.

Styret sitt framlegg til handlingsplan for 2020 vart godkjent med små typografiske endringar. Kjell Erik Husom snakka litt om forventa arbeidsoppgåver det komande året og orienterte kort om den pågåande prosessen med ny regionlagsmodell.

## 7. Val

Valnemnda si innstilling vart lagd fram for årsmøtet.

Desse vart valde i samsvar med valnemnda si innstilling:

- **Regionlagsleiar**
  - Kjell Erik Husom, musikal BFO, Spekter (attval)
- **2 styremedlemer:**
  - Thorstein Holgersen, pedagog Bergen kulturskule, KS (attval)
  - Embla Karidotter, frilansar (ny)

Siri Aastad Kvaleid, Bjørn Gisle Seter og John William Kay vart valde i fjor og har eitt år igjen av funksjonstida si.

Ved val av vararepresentantar vart det fremja benkeforslag på Brit Johnsrud. Etter handsopprekking vart desse valde:

- Ane Elise Lassen, student, Griegakadami (ny)
- Brit Johnsrud, musikal Sjøforsvarets musikkorps (attval)
- **Valkomité**
  - Hallgeir Øgaard Westli (attval)
  - Christine Marøy (attval)
  - Martin Shultz (ny)

*J. William Kay*  
Referent.